

Vedtekter for fagskolestyret i Møre og Romsdal

(vedteke i fylkestinget 6. juni 2011)

Reviderte vedtekter vedtatt av Fylkestinget i sak T 42/11 - 06.06 2011, erstatter vedtak i sak 58/08- 13.10.2008. Fagskolestyret er oppretta med heimel i kommunelova § 11, nr. 1 og lov om fagskoleutdanning §3, fjerde ledd.

Revidering av § 3 i vedtektene, vedtak i fylkestinget sak T-44/18.

§ 1 Formål

Fagskolestyret i Møre og Romsdal fylkeskommune skal arbeide for å utvikle og drive fagskoletilbod i samsvar med behovet for yrkeskompetanse i næringslivet og offentleg sektor i fylket.

§ 2 Generalforsamling

Fylkestinget er generalforsamling for Fagskoleutdanninga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Generalforsamlinga skal

- velje representantar til styret
- velje leiar av fagskolestyret
- godkjenne vedtekter for fagskolestyret
- fastsette budsjett og økonomiske rammer, og godkjenne rekneskap og årsmelding for fagskolen.

Generalforsamlinga kan avsette styret (sjå § 7).

§ 3 Styret

Styret er det øvste organet til Fagskoleutdanninga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

1. Styret har 9 medlemmer med røysterett, med personlege varamedlemmer. Styret skal ha slik samansetjing: Leiar i Utdanningsutvalet, ein representant frå regional- og næringsutvalet, leiar og nestleiar i Yrkesopplæringsnemnda, og tre representantar frå næringslivet, oppnemnd av Yrkesopplæringsnemnda. Studentar og tilsette skal ha ein representant kvar. Styremedlemane får godtgjering for vervet etter gjeldande reglar for godtgjering for politiske verv i Møre og Romsdal fylkeskommune.

§ 4 Val av styret

1. Styremedlemane og personlege varamedlemmer for desse vert vald for fire år.
2. Generalforsamlinga vel/oppnemner fire medlemmer, og Yrkesopplæringsnemnda oppnemner tre eksterne medlemmer.
3. Generalforsamlinga oppnemner styreleiar, og styret vel sjølv nestleiar.
4. Eit styremedlem blir ståande til nytt styremedlem er vald, om tenestetida er gått ut. Når særlege tilhøve ligg føre, har eit styremedlem rett til å tre tilbake før tenestetida er ute. Styret skal få rimeleg varsel på førehand.
5. Samansetjinga av eksterne styremedlemmer skal gjenspegle strukturen i næringslivet/arbeidslivet i Møre og Romsdal. Forslag til styremedlemmer og varamedlemmer frå næringslivet skal fremmast av bransjene sjølv til Yrkesopplæringsnemnda.
6. Ingen kan bli attvald som styremedlem dersom vedkomande har fungert i dette vervet i eit samanhengande tidsrom på åtte år.
7. Ved samansetjing av styret skal krava i likestillingslovens § 21 om representasjon av begge kjønn vere oppfylt.
8. Studentrepresentantane blir vald av Studentrådet og tilsettere representantane blir vald mellom dei tilsette frå studiestadene. Det skal veljast 1 studentrepresentant og 1 representant for dei tilsette frå kvar av dei to studiestadene.

§ 5 Oppgåvene til styret

Styret for Fagskoleutdanninga i Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for å drifte og utvikle fagskoletilbodet i samsvar med føremålet for fagskolen, innafor dei rammer fylkestinget gir etter § 2.

Styret har ansvaret for at opplæringa ved studiestadene til fagskolen er i samsvar med lover og forskrifter som gjeld for verksemda, og at tilbodet er i samsvar med godkjenninga frå NOKUT.

Styret har ansvar for det fysiske og psykiske arbeids- og læringsmiljøet til tilsette og studentar.

Styret skal, i samarbeid med Studentrådet, legge til rette for eit godt studiemiljø, og arbeide for ein god studentvelferd.

Styret skal:

- Utarbeide planar for innhald, struktur, omfang og organisering av fagskoleutdanninga og korleis ho skal gjennomførast
- Tilsette den administrative og faglege leiinga for fagskolen, og fastsette kompetansekrav for administrativ og fagleg leiing.
- Fremme søknader om fagskoletilbod til NOKUT for godkjenning.
- Godkjenne kvalitetssystem og reglement for fagskoleutdanninga
- Følgje opp kvalitets- og utviklingsarbeidet, mellom anna behandle årsrapporten med kvantitative indikatorar.
- Oppnemne klagenemnd og fastsette rutinar for klagebehandling.
- Ta avgjerd om omdisponering av midlar innafor vedtekne budsjett i fagskoleutdanninga
- Ta avgjerd om bruk av midlar som er inntente på oppdrag innafor fagskoleverksemda og midlar som elles er tilført fagskoletilboda utanom vedtatte driftsbudsjett
- Styret skal samarbeide med dei tilsette sine organisasjonar, for å skape gode arbeidstilhøve der det blir lagt vekt på mulgheiter for fagleg utvikling.

Fylkesutdanningsssjefen har ansvar for at møtesekretær blir stilt til rådvelde for fagskolestyret.

§ 6 Styremøte

1. Styret skal behandle saker i møte (fjernmøte), med mindre styreleiar finn at saka kan leggast fram skriftleg eller behandlast på ein annan trygg måte.
2. Styret fastsett ein møteplan. I tillegg kan leiar av styret kalle inn til ekstraordinære møte ved behov, eller om 1/3 av medlemene krev det. Innkalling til møte skal skje med rimeleg varsel.
3. Medlem av styret har plikt til å møte om ikkje vedkomande har gyldig forfall. Forfall skal meldast, og varamedlem skal kallast inn.
4. Medlem av styret har plikt til å delta i forhandlingane og stemme. Det kan ikkje stemmast blankt.
5. Om ikkje styret for einskilde høve bestemmer noko anna, har administrativ leiar rett og plikt til å være til stades, og uttale seg på styremøta.
6. Styremøta skal vere opne. Styret kan vedta at møta vert lukka, eller at bestemte saker skal behandlast med lukka dører, jf kommuneloven § 31- 3.
7. Styremøta vert leia av styreleiar eller i leiaren og nestleiareren sitt fråvær, den styret peiker ut som møteleiar.
8. Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene er til stades og stemmer.
9. Vedtak vert gjort med ålment fleirtal av dei avgitte stemmene. Ved stemmelikskap i andre saker enn val er stemmen til møteleiar avgjerande. Ved stemmelikskap ved val vert avgjerd gjennomført ved loddtrekning.
10. Det skal førast møtebok for styret.
11. Alle styrerepresentantane og eventuelle andre som møter i styret har vanlig teieplikt, jf. Fvl. § 13 og Strl. § 121.

§ 7 Adgang til å avsetje styret

Dersom styret ved sine disposisjonar fører verksemda i fare, kan Generalforsamlinga avsette styret og oppnemne eit nytt styre.

§ 8 Fagleg og administrativ leiing

Fagleg og administrativ leiing i fagskolen har ansvar for

- å fastsette krav til lærar- og instruktørkompetanse
- at søkarar og studentar får naudsynt informasjon om skolepengar, utdanningstilbod, søknadsfrister og opptakskrav.
- Syte for etablering av studentåd som ivaretek interessene til studentane på kvar studiestad.
- Fastsette prosedyrar som sikrar at studentrådet får medverknad i alle saker som vedkjem studentmiljøet, jf Vedtekter for studietillitsvalde og studentrådet.

§ 9 Klagenemnd

Enkeltvedtak kan påklagast til klagenemnda for Fagskoleutdanninga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Klagenemnda skal ha 3 medlemmer med personlege varamedlemer.
2 representantar skal veljast etter framlegg frå fylkesrådmannen.
1 representant skal veljast etter framlegg frå studiestadene.

For behandling av klage gjeld habilitetsreglane i kommunelova § 40 nr 3
c tilsvarende i tillegg til dei generelle habilitetsreglane i forvaltningslova
§ 6.